

Oppdragsbrev frå Vestland fylkeskommune til Siva - 2021

I dette brevet overfører Vestland fylkeskommune midlar til Siva knytt til inkubatorprogrammet og næringshageprogrammet for 2021.

Totale midlar som vert overført til Siva frå Vestland fylkeskommune for 2021 er kr 31 625 000 til næringshagane og inkubatorane i Vestland.

Midlane er dekka av overføringer frå Statsbudsjettet Kap. 553,61, samt eigne midlar frå Vestland fylkeskommune.

Det er ein føresetnad at Siva sikrar at midla vert brukt etter statsstøtteregelverket, og har ansvaret for å melde inn bruken til ESA.

1. Overordna føringer

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 gir ein felles kurs for å inkludere, inspirere og mobilisere Vestlandssamfunnet til innsats for ei berekraftig og nyskapande utvikling. Utviklingsplanen for Vestland har definert fire hovudmål som skal leggjast til grunn for all utvikling, planlegging og aktivitet i fylket. Måla er lagt til grunn i denne planen.

- Mål 1: Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådriver for eit regionalisert og desentralisert Noreg
- Mål 2: Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling
- Mål 3: Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland
- Mål 4: Like mogelegheiter til å delta i verdiskaping

Fylkeskommunen har med god medverknad frå partnarskapen utvikla ei ny Regional plan for innovasjon og næringsutvikling som er send til høyring i fylket og vil bli lagt fram for politisk handsaming sumaren 2021.

I høyringsutkastet fremjar fylkeskommunen ein visjon for næringsutvikling og innovasjon i Vestland:

- Nyskapande og berekraftig

Planutkastet har eit hovudmål:

- Vestland er det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon

Fylkeskommunen takkar Siva for god medverknad til utforming av planutkastet. Planen vil danne grunnlaget for samspelet mellom fylkeskommunen og Siva i åra som kjem.

Regionale utfordringar

Fylkeskommunen gjennomførte i 2021 studien Vestlandsscenariar som har gjeve eit godt kunnskapsgrunnlag for planarbeidet og det vidare arbeid med innovasjon og næringsutvikling

Scenaria viser at vestlandsk næringsliv må verte meir robust for ei klimavenleg framtid, må innsatsen rettast mot næringar som har stort potensial for låge klimautslepp, god lønsemd og internasjonal vekst. Framtidsscenario for næringslivet i Vestland fram mot 2035 viser både kva vi bør jobbe med for å styrkeverdiskapinga i fylket, og kva som kan skje dersom det eksportretta næringslivet ikkje klarar å tilpasse seg utviklinga med nye internasjonale krav og skjerpa konkurransen. Scenarioet viser at grøn omstilling og verdiskaping er heilt avgjeraende for å lukkast.

Næringslivet i Vestland står overfor ei rekke krevjande utfordringar i åra som ligg føre oss. Koronakrisen har råka ei rekke viktige næringar i regionen særleg hardt. Handel og servicenæringar som er særskilt viktige i Bergen og andre større tettstader og reiselivsnæringa i heile fylket, er hardt ramma av nedstengingar. Reiselivsnæringa som er viktig i mange kommunar er sterkt ramma av reiserestriksjonar. I tillegg er deler av industrien ramma av redusert aktivitet internasjonalt, karantenevedtak og redusert tilgang på utanlands arbeidskraft. Det er venta at krisa,

nedstenging og svikt i omsetning vil fortsette godt inn i 2021. Samstundes kjenner mange verksemder og lokalsamfunn etterverknadene av nedgangen i oljeverksemda og endringane i dei globale energimarknadene. Den krevjande omstilling til det grøne skiftet er i full gang.

2. Oversikt over midlar stilt til disposisjon for 2021

	2021
Næringshagen på Voss	1 800 000
Gulen og Masfjorden Næringshage	1 800 000
Nordhordland Næringshage	1 500 000
Næringshagen i Hardanger	1 800 000
Sognefjord Næringshage	1 800 000
Stryn Næringshage (Nordfjord)	2 500 000
Atheno	3 000 000
Industriutvikling Vest	2 000 000
VIS	5 000 000
Kunnskapsparken Sogn og Fjordane	4 000 000
Aksello	1 500 000

Vestland Fylkeskommune partnerskapsmidler - samarbeidsavtalar 2021-2022	Tildeling 2021 kr
Sognefjorden Næringshage As	150 000
Medvind24 Næringshage As	75 000
Næringshagen På Voss As	200 000
Klar Bedrift AS (Gulen og Masfjorden Næringshage As)	200 000
Næringshagen i Hardanger AS	200 000
Stryn Næringshage As	200 000
Atheno AS	700 000
Aksello As	600 000
Industriutvikling Vest AS	600 000
Kunnskapsparken i Vestland As	1 000 000
Vestlandets Innovasjonsselskap sine inkubatorar (VIS)	1 000 000
Sum tildeling gjennom oppdragsbrev til SIVA	4 925 000

Departementet vil overføre dei samla administrasjons- og gjennomføringskostnadene direkte til Siva på vegne av fylkeskommunane. I 2021 utgjer dette 16,32 mill. kroner. Talet er fastsett i dialog mellom fylkeskommunane og Siva

Ved risiko for at faktiske administrasjons- og gjennomføringskostnader vil overstige berekna ressursbruk, skal Siva varsle fylkeskommunane om dette. Eventuell overstigande ressursbruk til formålet skal avklarast med fylkeskommunane og leggast til neste års administrasjons- og gjennomføringskostnader. Dersom Siva har ubrukte midlar til administrasjon og gjennomføring ved årets slutt, overførast dette til neste års oppdrag.

3. Regionale føringer og prioriteringar for Siva sin programaktivitet

Vestland fylkeskommune vurderer næringshageprogrammet og inkubasjonsprogrammet som viktige verkemiddel for å lukkast med regionale og nasjonale mål for nærings- og lokalsamfunnsutvikling. Vestland ynskjer å bruke sitt regionale handlingsrom til å prioritere bruk av desse programma, og Siva sin kompetanse inn i vår regionale utvikling.

Vestland fylkeskommune ber om at Siva saman med Innovasjon Norge og operatørane i innovasjonssystemet samarbeider med sikte på å gjøre Innovasjon Norge sin kapasitet og kunnskap om Internasjonalisering, eksport og finansiering meir tilgjengeleg for verksemndene som er engasjert gjennom inkubatorar og næringshagar.

Siva har gjennom si nasjonale og regionale rolle ein posisjon og kunnskap som er svært viktig for at fylkeskommunen kan fylle rolla si som samfunnsutviklar. God dialog og tett samarbeid er viktig for fylkeskommunen og vi ønskjer at Siva fortsatt skal ta aktivt del i Næringsforum og i det regionale partnarskapet.

Siva har gjeve verdfulle bidrag i arbeidet med å fylkeskommunens Regionale plan for innovasjon og næringsutvikling og vi føreset at Siva tek del i vidare arbeid med å lage handlingsprogram og arbeidet med å setje plan og handlingsprogram ut i livet.

Observatørrolle i styra

Fylkeskommunane har hatt ei aktiv rolle i forhold til næringshagane og inkubatorane, og har hatt ei observatørrolle i alle styra, samt deltatt på utviklingssamtalar mellom aktørane og Siva. Dette er ei rolle som Vestland fylkeskommune vil fortsetje å ha. Dette for å vere ein god samarbeidspart i utviklinga av aktørane, men òg no for å vere ein god oppdragsgjevar for Siva. Vi presiserer at observatørrolla fylkeskommunen ynskjer ikkje må forvekslast med observatørstatus etter aksjelova § 6-9.

Inunet

Inunet er eit viktig nettverk mellom næringshage- og inkubatoraktørane i fylket. Det er ynskjeleg at Siva fortset å bruke ressursar på å delta i dette nettverket.

I 2021 vert det lagt opp til at Inunet finansiert direkte med overføring frå fylkeskommunen.

Innovasjonsstrukturprosjektet

Det er ynskjeleg at Siva deltek som observatør i innovasjonsstrukturprosjektet, som vart starta i tidlegare Sogn og Fjordane. Prosjektet vert vurdert å vere viktig, for å utforske metodar for å styrke sårbarer næringshagemiljø. Siva har stor kompetanse innan utvikling og styrking av næringshagane, og kan såleis vere ein sentral bidragsytar for å sikre gode og nyttige resultat.

4. Særskilt nasjonalt og regionalt utviklingsarbeid knytt til programma

Programperioden for Næringshageprogrammet og Inkubasjonsprogrammet er forlenga til ut 2022. Det inneber at programplanane for programma vert vidareført frå 2021, og ligg då faste i same perioden. For å sikre ein god prosess for utviklinga av nye programforslag, ber Vestland fylkeskommune Siva om å starte utgreiing av endringar og nye forslag med sikte på oversending av nye programforslag i samband med satsingsforslag for 2023. Revisjonen av programma skal skje i dialog mellom

fylkeskommunane og verkemiddelaktørane, Departementet skal godkjenne programplanar for nye ordningar.

5. Koordineringsbehov

Årshjul for regional styringsdialog og felles styringsdialog vert lagt til grunn for dialog, budsjettinnspel, rapporteringsfrister og utbetalingsfrister.

I tillegg vert det forventa at Siva deltek på møta med den regionale partnarskapen, sjå under. Samt stiller seg til disposisjon for å delta i orienteringar om Siva for politiske organ i Vestland fylkeskommune.

6. Krav til dokumentasjon av resultat

Rapportering til fylkeskommunane baserer seg i hovudsak på Siva sitt mål- og resultatstyringssystem (MRS-indikatorar på resultat og effekt) og støttande analyser for rapportering på dei regionale oppdragaga.

Siva skal i tillegg rapportere på særlege regionale prioriteringar og utarbeide fylkesvis statistikk på resultat og effektar. Siva skal rapportere fylkesvis for føregåande års oppdrag innan 1. mars kvart år.

7. Styringsdialog

Det er lagt opp til tre regionale styringsmøter i 2021 mellom Vestland fylkeskommune og Siva, jamfør årshjul for regional styringsdialog. Dette kan endre seg ved behov.

Fylkeskommunen er ansvarleg for innkalling. Det er eit mål at på same dag som styringsmøta blir gjennomført, at ein samlar den regionale partnarskapen Siva, Innovasjon Norge Vestland og Forskningsrådet til eit felles møte, jamfør partnarskapsavtalen.

Årshjul for regional styringsdialog og felles styringsdialog vert lagt til grunn for dialog, budsjettinnspel, rapporteringsfrister og utbetalingsfrister.

Siva skal sende budsjettinnspel på post 61 samla sett til alle fylkeskommunane innan 15. mars, med kopi til KMD. Forslaget drøftes i nasjonalt samarbeidsforum på våren.

Siva skal sende forslag til nye satsingar (landsdekkjande) under post 61 til fylkeskommunane innan 15. september, med kopi til KMD og NFD. Forslaget vert drøfta i nasjonalt samarbeidsforum på hausten.

8. Utbetalning av midler

Løyvinga til Siva vert utbetalt uoppfordra til Siva i to terminar, den første pårekna halvdelen av årets ramme innen 1. februar, den andre terminen i august hvert år.

Siva må i god tid før første utbetalning informere fylkeskommunen om kva for ein bankkonto midlane skal utbetales til slik at dette kan føres på oppdragsbrevet.